

Norsk litterær årbok 2010

REDAKTØRAR
JØRGEN MAGNUS SEJERSTED
OG EIRIK VASSENDEN

DET NORSKE SAMLAGET
OSLO 2010

KRISTOFFER JUL-LARSEN

Kritikkåret 2009 – parafrasert

Innleiande debatt

Debatten som innleidde kritikkkåret 2009 var ein generell diskusjon kring stillinga til sakprosaen i norsk litteraturkritikk. Kultur- og debattredaktør i Aftenposten, Knut Olav Åmås, tok etter eit debattmøte i regi av Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening (NFF) i slutten av januar, opp spørsmålet om kvifor det står så dårleg til med sakprosakritikken, det vil seie, kvifor kritikken ikkje har utvikla seg når sakprosaen har gjort det.¹ Kva må til for at kritikken skal bli betre? Dei store aktørane på feltet svarte. Trond Andreassen og Jørgen Lorentzen frå NFF meinte kritikkarane treng meir skoloring, Mariann Enge frå Norsk kritikkarlag undra seg over kven desse dårlege kritikkarane ein snakka om var, og tok til orde for ei meir nyanserik framstilling av sjangeren.² Men kva var problemet?

Ifølgje Åmås er det først og fremst kritikkarane si manglande evne til å vurdere bøkene som *tekst* som gjer sakprosakritikken dårleg. «[D]et blir som oftest 95 prosent sak og bare 5 prosent prosa» siterte han Aftenpostens eigen sakprosakritikar Ivo de Figueiredo, og støtta han på det. Sakprosameldingar er for ofte referat av bøkene påklistra enkle vurderingar. Ein kritikk som bryr seg meir om språk, sjanger, forfattarskap, fagfelt og så vidare er naudsynt, ein kritikk som ser fleire sider ved boka enn den reine meiningsytringa.

Denne diskusjonen er relevant av to grunnar. For det første gjev han interessante perspektiv på korleis viktige personar i norsk ålmente ønskjer at litteratur – ein undersjanger rett nok – skal bli omtalt. Dette ønsket om ein meir samansett kritikk som

lèt fleire omsyn spele inn i vurderinga enn det enkelte møtet mellom bok og lesar, trur eg er noko som pregar forventningane vi har til litteraturresepsjonen i dag. Debatten kastar slik lys over min eigen forståingshorisont når eg skal presentere nasjonens litteraturkritikk i året som gjekk. For det andre leier debatten fram til Jonas Bakkens forvitnelege gjennomgang av norsk sakprosakritikk, nyleg publisert i tidsskriftet *Prosa*.³ Der tek Bakken for seg meldingar av fire sakprosa-bøker frå i fjor, og han finn at den skildringa av elende som mykje av kritikken mot kritikken målber, ikkje heilt held vatn. Mykje av sakprosakritikken er god, problematiserande og oppteken av litterære spørsmål. Samstundes er Bakken kritisk til den avgrensa funksjonen sakprosakritikken har i avisene, det vil seie at kritikken nesten berre fungerer journalistisk og rådgjevande, ikkje perspektiverande eller underhaldande. Eg er einig med Bakken i konklusjonane hans ut ifrå det materialet han presenterer, men samstundes meiner eg at dette materialet syner nokre av ulempene vi som litteraturforskarar har når vi skal studere meir enn det som kjem ut mellom stive permar.

Dei fire bøkene han hentar meldingar av er dei fire sakprosa-bøkene som blei nominerte til Brageprisen i 2009, og slik sikrar Bakken seg at dei kritikkarane han studerer sannsynlegvis alle vil meine at boka dei skriv om er nokolunde spanande, og i alle fall at dei skriv i ein samanheng der andre alt har meint at boka dei skriv om er viktig eller god. Litteraturfaget er bygt opp kring eit implisitt kvalitetskrav, vi forskar stort sett på den litteraturen vi meiner er god. Slik kan ein òg sjå for seg kritikkforskinga organisert, at ein hovudsakleg skriv om korleis ein har lese god litteratur, slik resepsjonestetikken i utgangspunktet var tenkt: ein reiskap i litteraturhistoria si teneste. Men om vi som kritikkforskarar ønskjer å seie noko meir, noko om banda mellom kritikkinstitusjonen, bokbransjen og den større politisk-kulturelle ålmenta, må vi frigjere oss frå kvaliteten på bøkene og freiste å sjå *heile* kritikkkfeltet.

Eit raskt blick på materialet, og korleis vi kan sjå det

Ingen kan sjå alt, men ein kan sjå mykje om ein vil. Denne artikkelen er ein gjennomgang av litteraturkritikken i 2009. Stoffet er henta frå elleve aviser – og eit radioprogram – ein månad kvar, slik at eg les meg gjennom året ein avismånad om gongen. Utvalet er gjort ut frå ein del forkunnskap om kva dei ulike avisene skreiv om, men er òg nokså tilfeldig, i nokre tilfelle heilt tilfeldig. Nokre gonger kan månaden gje eit litt skeivt bilete av avisa, eg skal freiste å peike på dette når eg veit om det. Ikkje alle avisene vil få like mykje merksemd heller, mange av dei liknar kvarandre, og eg skal ikkje tvære ut poenga. Eg freistar å dekkje mykje av landet, men utvalet heller likevel kraftig mot Oslo, utan at eg kan sjå at det kunne gjerast på nokon radikalt annleis måte utan å gje slepp på mykje viktig stoff. Ein kan vel førestelle seg mange andre måtar å skrive denne artikkelen på, og eg vonar at det òg vil bli gjort i åra framover, særleg manglar tidsskrifta her.

Grunnlaget for undersøkinga er 260 kritikkar, av desse er 13 kritikk av barnebøker, 10 av generelle essay – til dømes introduksjonar til forfattarskap, 15 meldingar av diktsamlingar, ei melding av eit filmmanus, elleve meldingar av novellesamlingar, 134 romankritikkar, 65 meldingar av sakprosa-bøker, ein kritikk av ein serieroman, seks kritikkar av teikneseriar, og fire meldingar av tidsskrift og blad.

Romanen og sakprosaen herskar. Slik ser ålmenta ut. Artiklane varierer frå korte stadfestingar av kvaliteten på ei bok til lengre introduksjonar til forfattarskap kor kvaliteten på det skildra ikkje blir diskutert eksplisitt, men heller ligg som ein føresetnad for heile artikkelen. Til sist vil eg kort nemne tekstar frå dei to bøkene *Livet! Litteraturen!* av Tor Eystein Øverås og *Grufulle tomrom* av Simen Hagerup. Eit kjapt blick på 2009 syner at året inneheld det meste vi kan vente oss av litteraturkritikken, men få overraskingar. Snarare er kritikken ein praksis som finn stad innanfor nokså rigide sjangerreglar, reglar som bidreg til korleis litteraturen spelar sine roller i liva våre, korleis vi omset mellom dei to sfærane.

At det finst reglar for litteraturkritikken er sjølv sagt, elles hadde det ikkje vore nokon sjanger i det heile. Men det finst reglar og det finst reglar. I artikkelen «Litteraturkritikkens diskurs» skriv Michael Riffaterre om det i og for seg nokså openberre poenget at litteraturkritikken er grunnleggjande omskrivande, eller parafrastisk.⁴ Han syner korleis kritikken omset litteraturen til kritikkformat, og at kritikken gjer dette på ein måte som nyttar bilete frå kritikken som blir omtala. Kritikken vil dermed alltid vere ei fortsetjing av objektteksten, som kritikken på eit vis freistar å erstatte samstundes som han uttalar det objektteksten ikkje sjølv seier.

Skildringa av kritikken frå Riffaterre er god, og særleg interessant då han syner korleis kritikken adopterer bilete frå den litteraturen som blir kritisert også når kritikken er negativ; slik held litteraturen fram med å vere skapande, også i kritikken, som ein impuls til kritikarens sjølvhevdande kreativitet: «Således forekommer kritikken retorik mig i stadig mindre grad at lægge en fortolkning og en vurdering ind over objektteksten i kritikken eget meta-sprog. Snarere er der tale om, at objekttekstenes generative kapacitet eksemplificeres gennem en imitation, hvorved kritikken kommer til at konkurrere med en kreativ skrift-praksis.»⁵ Denne diagnosen gjev oss mykje å tenkje over for eit refleksivt blick på handsaminga av litteraturen vi arbeider med, men eg vil hevde at for svært mykje av kritikken som kom på prent i 2009, er det å ta munnen for full.

Mykje av litteraturkritikken i norske aviser konkurrerer ikkje i det heile, denne kritikken har lagt seg heilt flat. Med det meiner eg ikkje å seie at kritikken er servil, sjølv om han kan vere det òg, men at han har gjeve opp alle pretensjonar om å skulle konkurrere om å vere ein kreativ skriftpraksis. Sjølv i kvalitetsvurderinga der kritikaren ideelt skal gje form til ei eller anna eiga erfaring, og dermed og ein eigen subjektivitet, blir språket ofte berre nytta til å gje form til eit kritisk auge som dømmer reint refererande, ut ifrå kriterium som sjeldan dukkar opp som noko eige tema. Det er ikkje dei same kriteria bøkene blir vurderte ut ifrå kvar gong, nokre gonger er det transcendentale, utanforlig-

gande kriterium som blir påkalla, andre gonger er dei immanente, verkinterne. Men det interessante er i kor liten grad desse kriteria blir tydeleg aktualiserte og sette i gang av kritikarane sjøve – det gjev ein kritikk som fungerer etter linjalprinsippet: Mest mogleg gjennomsiktig, og tydelegast mogleg avmerking. Men det er ikkje så artig å lese linjalar, og det føreseielege ved centimeteren er ikkje alltid det som best syner kvalitetane ved litteratur.

Til dette grå biletet er det mange unntak, dyktige kritikkar er ikkje ein stor mangel i Noreg, og dei skriv både i korte og lengre format. Men det har til tider gjeve ei underleg kjensle å lese ei så stor samling vurderande tekstar som tilsynelatande gjev så lite rom for, og liv til, sjøve vurderinga. I stor grad er det attgjeving av innhaldet i bøkene som tek plass. I staden for å finne det grunnleggjande parafrastiske ved kritikken kommentarar til litteraturen, slik Riffaterre skildrar det, blir det meir naturleg å peike på at litteraturkritikken tek form av enkle parafasar. Dette fører meg tilbake til Jonas Bakken sin gjennomgang av sakprosa-kritikken, der han opererer med fire funksjonar kritikken kan fylle: den rettleiande, den journalistiske, den perspektiverande og den estetiske. Funksjonstenkinga er fruktbar sidan ho rettar merksemda vår mot haldninga i teksten mot publikum. Bakkens konklusjon er at norsk sakprosa-kritikk er for retta mot den journalistiske og den rettleiande funksjonen. Eg trur det er ei god skildring av litteraturkritikkfeltet som ein heilskap.

Eit anna, men liknande, perspektiv kan ein finne i den retoriske tradisjonen der ein skil mellom ulike talesjangrar, sjangrar som fyller ulike funksjonar. Den forensiske talen, eller rettstalen, som freistar å avdekkje eit fortidig saksforhold; den deliberative, eller politiske talen, som freistar å overtale tilhøyrarane om å fatte vedtak for framtidig handling; og den epideiktiske talen, festtalen, der talarens mål er å rose eller kritisere noko i si samtid. Alle har dei sine funksjonar, det vil seie sitt eige forhold til publikum, og alle har dei sitt eige tidsblikk, retta mot fortida, framtida eller notida. Til desse tre klassiske sjangrane legg Georg

Johannesen til ein fjerde type tale, ein tale som meir er retta mot føresetnadene for sin eigen produksjon enn mot eit emne som ligg tilbake eller fram i tid, som den forensiske og den deliberative talen; og heller enn å rette seg mot si samtid slik den epideiktiske talen gjer, rettar han seg mot eit radikalt no, notida talaren talar i, notida lesaren les i. Ifølgje Johannesen er dette moglegvis talesjangeren til essayistikken. Om vi kombinerer desse perspektiva vonar eg at det er mogleg å skape ein mangefasettert parafrase over kritikåret 2009, meir nyansert enn denne generaliserande introduksjonen.

Januar: Dagbladet

Den store bokdagen i Dagbladet er måndag, då vier avisa tre sider eller meir til kritikkar av fire, fem bøker. Samstundes kjem det òg meldingar av bøker gjennom heile veka, då helst av sakprosa, men òg romanar og annan litteratur. Måndagen er reint skjønnlitterær. Som ei god norsk tabloidavis er Dagbladet open og ubegripeleg i stofftilfanget sitt, alt er av interesse, utanom barnelitteratur. Slik gjev ho lesaren eit breitt oversyn over den litterære marknaden, med nokre artige kollisjonar iblant. Den femte januar bringar for eksempel avisa meldingar av tre diktsamlingar, alle melde av Thomas Marco Blatt, og tre thriller-/krimromanar, melde av Kurt Hanssen. Interessant å sjå er det at diktsamlingane er dei som ikkje berre får dei lengste meldingane, men også dei største bileta: Triztan Vindtorn og Eva Jensen får begge to store portrett, Vindtorn over to sider. Thomas Marco Blatt er ein god diktlesar som ikkje er redd for å peike på det konkrete meiningsnivået i dikta og diskutere korleis og kva dei betyr. Dessutan gjev han i meldinga av Vindtorn eit godt eksempel på det eg hevdar kritikken ofte saknar, ei aktualisering av kriteria og lesinga som ligg til grunn for vurderinga: «(...) samlingen er et ja til fantasien og det lekende mennesket. En sindig ung mann som undertegnede burde sikkert tas i skinnet. Spørsmålet er om ikke den befriende poesien som bejaes også fremstår som forutsigbar?»⁶ For meg står denne forma for vur-

dering, kor ein lar litteraturen stå i stemne med kritikarens levde liv og identitet, og hans estetiske sans, som ein fruktbar kritisk metode, men det er kanskje ikkje tilfeldig at det er i lyrikkritikken vi finn han. Ein sjanger utan dei store lesartala kan kanskje unne seg å være meir sjølvoppteiken.

Annleis er det i meldingane av kriminallitteraturen, her synest kriteria å vere langt meir innlysande og umiddelbart tilgjengelege, dei treng ingen argumentasjon. Fast krimmeldar i Dagbladet er Kurt Hanssen, og hans kyndige grep om sjangeren syner fram ein sær s trygg kritikk, kor kritikarens funksjon er heilt avklara. Oppgåva er å vurdere underhaldningsverdien til boka og gje lesaren eit klarast mogleg bilete av kva det er som hender i boka. Formelen, som vi skal finne igjen i dei fleste avisene, og ikkje berre for krim, ser slik ut: *Bakgrunn* (om forfattaren, bokserien, temaet) + *parafrase* (gjennomgang av handling og nøkkelpersonar) + *vurdering* (analytiske grep, tolking, estetiske inntrykk, samfunnsrelevans, kvalitet). Den mest omfangsrike av desse variablane bruker å vere parafrasen, gjerne omkring halvparten av teksten. Ut av dette kjem ein kritikk som aldri tvilar, som vender seg direkte til lesaren som konsument og forfattaren som marknadsaktør, kor bestseljarlistene er ein naturleg målestokk for suksess, også kunstnarleg: «Med «Døden ved vann» burde [Torkil Damhaug] helt klart stige over terskelen og inn på bestselgerlistene, for dette er en svært godt skrevet, uttenkt og gjennomført roman.»⁷

Cathrine Krøger er kanskje den mest framstående av kritikarane i Dagbladet i dag. Hennar kritikkar er prega av tydelege og sjølvsikre dommar som ofte peikar på intensiteten og krafta litteraturen ber på, kor sterkt inntrykk bøkene gjer, utan at det dimed er snakk om ein impresjonistisk kritikk. Inntrykka kan gjerne komme som resultat av forfattarens evne til å skildre det Krøger erfarer som sanning. Nadime Gordimers styrke er til dømes «en nyansert og skarp skildring av vårt indre liv»⁸. Parfrasen spelar ei viktig rolle i Krøgers kritikkar også, men meir påfallande er korleis ho nyttar sitat mykje, gjerne som opning *in medias res*. Mest tydeleg blir det i meldinga av Markus Midrés

Tunnel kor sitat opnar og avsluttar teksten utan å bli kommenterte noko særleg. Opninga, der bokas hovudperson skildrar seg sjølv, er inngangen til parafrasen, medan det lange avslutnings-sitatet, omlag tjue prosent av heile meldinga, er henta inn for å tene som eksempel på skrivekunsten til Midré.⁹ Eg ser meldingane til Krøger som typiske for Dagbladets romankritikk: seriøs, nokså godt grunngeven, men utan å stille andre spørsmål enn om boka er god med tanke på bokas eige prosjekt.

Denne haldninga til kritikken er ikkje berre herskande i Dagbladet, men stort sett i heile Kritikkk-Noreg; det finst knapt ein einaste kritikar som går til litteraturen med eksplisitt definerte kriterium på kva den gode litteraturen er. Heller er det regelen at det er boka sjølv som får definere kva ho vil, og kritikarens oppgåve å vurdere om boka oppfyller dei kriteria boka sjølv bringar til torgs. Kritikaren svarer først og fremst til boka. Den som trudde autonomiestetikken var død må tru om igjen, og sterkast lever han kanskje i kritikken av kritikken kor vi er vande med å sjå strengt på kritikarar som bringer ikkje-litterære spørsmål inn i vurderinga av bøkene, eller verre, eigne preferansar som ikkje tek høgd for at boka er eit eige estetisk univers i seg sjølv.

Februar: Aftenposten

I Aftenposten er det søndag som er bokdag, både for skjønnlitteratur og sakprosa, men også her blir bøker meldt heile veka. Avisaliknar Dagbladet i haldninga dei fleste kritikarane legg for dagen, med ønskje om å gje eit breitt bilete av kva bøker som finst og som det er verdt å følgje med på. Og ho liknar Dagbladet i det formatet kritikken blir skriven i, kritikkformelen finn vi her òg. Aftenposten har relativt mange meldingar; gjennom februar har dei eit par meldingar fleire enn Dagbladet har i januar, men så skriv dei også kortare og – om eg får vere litt kategorisk – dårlegare. Mykje har å gjere med slapp språkføring: «(...) her snakker vi fascinerende romanfigur.»¹⁰ eller som det heiter om Anna Bache-Wiig som ga ut si tredje bok: «Varemer-

ket hennes er blitt velskrevne romaner, gjerne om sin egen generasjon.»¹¹ Gjerne? Nokre av kritikarane er heller ikkje redde for å sleppe klisjeane laus «(...) [hun] tømmer ingenlunde gåten og det mysteriet som heter menneske. [...] Mary Lawson samler og posisjonerer sine personer med mesterhånd. Slikt blir det gjerne stor kunst av.»¹² Det er lett å vere kritisk, kanskje særleg til kritikken.

Eg vil kvile litt ved Hans H. Skei sine kritikkar i Aftenposten, sidan dei i så stor grad syner dei ulike funksjonane ein kritikkar kan fylle. Dei fire tekstane hans syner alle heilt ulike tilnærmingar til formidlinga av bøkene han skriv om. Meldinga hans av Tom Stalsbergs diktsamling *The Electric Blue Cafe. Ørretbrev fra undergrunnen*, den einaste lyrikkmeldinga i avisa den månaden, er ei plassering av boka i eit litterært landskap, samstundes som det er ei entusiastisk vidaredikting på Stalsbergs prosjekt: «Lytt til vuggesangen fra en nedlagt sideelv, både i landskapet og litteraturen. Les og nyt denne enkle og glitrende diktsamlingen, mens vannet bruser videre i all evighet».¹³ Om ein kjenner seg rørt av slike bilete får ein vel gje boka ein sjanse. I handsaminga av Lars Ove Seljestads *Frægd* gjev han ein samanhengande vurderande og tolkande parafrase der spørsmål omkring gleda ved dikting og fantasi blir diskuterte og sette i samheng med, til dels kontrasterte til litterær kvalitet.¹⁴ Noko slikt atterhald finst ikkje i meldinga av kriminalromanen *I skyggen av Swan Peak* av James Lee Burke, der Skei med ein gong vender seg til kjennarane av Burkes tidlegare bøker for ein nokså lang diskusjon om forfatterskapens utvikling.¹⁵ Kriminallitteraturen har ikkje noko legitimeringsproblem i norske aviser, få andre sjangrar kan vente seg like sjølvsgatte tilvisingar til romanuniverset. Eg synest det er oppfriskande lesing, ein sjølvmedviten kritikk som ikkje er redd for å vende seg bort frå somme av lesarane. Lesinga i krimkritikken er handlingsdriven, og i motsetning til lesinga av Seljestad får parafrasen stå ukommentert. Det sentrale er å formidle kva det handlar om, og vurdere om det er *a good read* som dei seier i heimlandet til desse bøkene. At all vidare diskusjon eigentleg er funksjon av dette spørsmålet blir tydeleg i omtalen

av *Datter savnet* av Nicci French, der parafrasen er over 80 prosent av heile meldinga! Skei meiner det er nok å vise til at boka er enkel og ikkje særleg velskriven. Her tener sjølvsgatt parafrasen som eksempel og dermed eit argument for ein slik konklusjon, men det syner igjen i kor stor grad krimkritikken er retta mot plottet og nærast utelukkande det. Eg er ikkje den første som peikar på dette, men om sakprosakritikken har vore kritisert for å vere for parafraserande, er krimkritikken langt verre stilt.¹⁶

Mars: Dagsavisen

Når vi snakkar om sakprosakritikk: Den siste boka Aftenposten melder i februar er den første boka Dagsavisen skriv om i mars, *Jeg er ingen rasist* av ambulansesjåføren Erik Schjenken som blei skulda for rasisme då han avviste valdsofferet Ali Farah i Sofienbergparken.¹⁷ Ingen av melderane har synderlege problem med framstillinga til Schjenken, men går vidare til å diskutere kva boka ikkje tek opp: spørsmålet om rasisme i eit større samfunnsperspektiv. I tillegg er dei begge to merksame på språkføringa i boka, korleis den distanserte tonen gjer forteljinga mindre verknadsfull. Slik er det oftast i sakprosakritikken, språk og form blir eit tema berre når dei er problematiske. Størst mogleg effektivitet slik at budskapet når fram er idealet. Utvalet av sakprosa-bøker i Dagsavisen syner ei merksemd retta noko meir mot det dagsaktuelle, debattbøker og journalistiske framstillingar i bokform, enn hos Aftenposten og Dagbladet som også har omtalar av historisk og biografisk litteratur. Men her er det vel naudsynt å ta med i rekninga at eg berre har sett på avisutgåver gjennom ein månad.

Dagsavisen har tydeleg mindre ressursar enn dei større hovudstadsavisene og hadde sju færre kritikkar enn Aftenposten i løpet av månaden sin, endå ho mot slutten av månaden kom med eit spesialvedlegg med ei samling kritikkar som hadde vore prenta tidlegare. Elles er det lite som eigentleg skil kritikken i desse avisene frå kvarandre, men lyrikk blir ikkje meld ein

einaste gong i Dagsavisen denne månaden. Mykje krim blir meld, men også meir utfordrande litteratur. To av bøkene i den siste kategorien er *Våtmarksområder* av Charlotte Roche og *Maskinens uerstattelige deler* av Bård Torgersen. Begge har eksplisitte sexskildringar og utrivelege hovudpersonar, begge blir skildra som ubehagelege av meldarane. Kva for kvalitetskriterium dei blir underlagt skil seg likevel noko, og det er interessant å sjå korleis Anette Orre framhevar det hardtslåande ved boka til Torgersen, men seier ho ikkje veit heilt om ho forstår ho, «bortsett fra det helt åpenbare budskapet om at man alltid kan falle enda lenger ned, selv om man allerede befinner seg på bønn.»¹⁸ Ei tydeleg god/dårleg-vurdering formulerer ho ikkje, men det synest som om den positive vurderinga ligg implisitt sidan boka i alle fall er sterk. *Våtmarksområder*, som har fått fenomenalt med merksemd i Europa, får ikkje ei like vennleg handsaming. Hilde Slåtto dreg fram klassikaren *Portnoys besværlige liv* av Philip Roth for å sette boka til Roche i ein kunstnarleg samanheng med kontinuitet og brot. Dimed er samanlikningsgrunnlaget ikkje akkurat småtteri, og Slåtto stiller eit heilt anna krav om at erfaringa av boka skal vare lenge, enn Orre stiller til Torgersen. Det kravet møter ikkje *Våtmarksområder* ifølgje Slåtto, og boka må derfor bli sett på meir som «prosjekt og eksperiment, enn som litteratur.»¹⁹

Det er lett å gje seg til å spekulere over kva som er grunnen til at dei to bøkene møter ulike kriterium, det kan til dømes skuldast at Torgersen er norsk, og at kritikken stiller lågare krav til den norske samtidslitteraturen, det er kanskje ikkje heilt fjernt, men mest sannsynleg skuldast det vel at det er ulike kritikkarar. Likevel, ein kan jo spørje om det likevel ikkje er lettare å akseptere skildringa av ein nedrig mannleg seksualitet som evig kunst, enn det er for kvinneleg seksualitet å få same innpass?

April: Stavanger Aftenblad

Om ikkje anna, så er Eirik Lodén, lyrikkmeldar i Stavanger Aftenblad, tydeleg. Det kan vere verdt å sette pris på, meiner eg,

Ellen Grimsmo Foros er kanskje ueinig. I alle fall går det hardt ut over hennar *Jordbok*, som Lodén meiner er sentimental, utydeleg og føreseieleg.²⁰ Alt det seier han i løpet av eit lite avsnitt kor han med ein litt klein vits oppmodar lesaren til heller å lese ei ordbok. Slakt er eit sjeldant syn i norsk litteraturkritikk, og slakt av norske forfattarar som ikkje skriv innanfor ein særleg populær sjanger er endå sjeldnare. Merkeleg då at Lodén skriv så kort og avvisande, konstaterande og utan argument då han sablar ned Grimsmo Foros. Han synleggjer inga estetisk usemje, i staden seier han berre at dette er dårleg. Påstandane kviler på etosen hans, og på om vi lét oss fenge av dei skildringane han legg fram. Meininga er ikkje å tenkje over kva dette er for ei bok, men å sameine ei kollektiv avvising av ho. Erlend O. Nødtvedt og Cornelius Jakhelln, dei to inderlegironiske ekspresjonistane med norrøne interesser får langt meir positiv omtale.²¹ Jakhelln noko betre enn Nødtvedt, kanskje fordi dikta hans i lesinga til Lodén, trass alt, ber på noko som liknar klassisk poesi?

Stavanger Aftenblad har igjen færre kritikkar enn Dagsavisen, dei melder gjennomsnittleg fire bøker kvar veke, og dei kjem berre på tysdagar, i det som ser ut til å vere ei standard lengd, rundt 500 ord. Det som verkeleg skil avisa ut er kor få kvinnelege kritikkarar dei har. Av dei 18 kritikane er berre to skrivne av kvinner og den eine handlar om ei feministisk sakprosbok. Det ser underleg ut i eit landskap som elles er nokså jamstelt, 38 prosent av dei 260 kritikane er skrivne av kvinner.

Mai: Bergens Tidende

I Bergens Tidende er litteraturdekninga noko større enn i Stavanger Aftenblad, og det sjølv i ein månad med festspel og mykje anna kulturell virak, slik at delar av den vanlege plassen for litteraturkritikk var redusert. Bøkene BT melder er henta frå mange sjangrar og dei blir presenterte saman, kvar måndag. Som ei av få aviser (Adresseavisen og Dag og Tid er andre) har dei eigne barne- og ungdomsbokkritikkarar, Petra J. Helgesen og Guri Fjeldberg, som melder både fiksjon og sakprosa for barn.

Kriterium Helgesen legg vekt på er evna til å skape levande bilete og medrivande forteljingar, medan den store synda er å framstå som «belærende ungdomsskolelærer»²² eller på andre måtar undervurdere lesaren. Samstundes målber ho eit ønskje om å vekke interesse hos lesaren for gamle forfattarar, og romanar som kastar ljøs over problem får ros, så ho er ikkje heilt fri for pedagogiske ambisjonar på litteraturens vegner ho heller.

Ein annan kritikar som er med på å gje BT særpreg er Walter N. Wehus som skriv den einaste faste teikneseriekritikkspalta i ei norsk dagsavis. Teikneseriekritikken blir ikkje presentert saman med den vanlege litteraturkritikken, han står ved teikneseriestripene kvar søndag. Det understrekar det kanskje litt underlege i at Wehus faktisk fungerer som kritikar av materiale avisa sjølv publiserer, til dømes serien *Pondus*. Wehus skriv både om humorseriar, blad med mange ulike seriar og meir seriøse utgjevingar i *graphic novel*-sjangeren. Ein kan godt diskutere om teikneseriekritikk er litteraturkritikk. BT har gjeve desse kritikane terningkast slik filmkritikken har, noko litteraturkritikken ikkje har. Det syner ei haldning til teikneseriane som meir populære uttrykk, med ein tydelegare varekarakter enn det avisa meiner bøker har. Teikneserien er i alle tilfelle eit heilt eige medium og treng ikkje å bli til litteratur for å få aksept eller noko slikt. Likevel syner til dømes teksten om den japanske klassikaren *A Drifting Life* av Yoshihiro Tatsumi at Wehus skriv i noko som liknar ein litteraturkritisk tradisjon med stort sjanger- og historie-medvit og vurdering av kva utgjevinga fortel om kva det vil seie å skape kunst.²³ Det er òg typisk at det er forteljinga i serien som får mest merksemd, det visuelle blir nemnt, men då i eigne avsnitt og ikkje i nokon særleg grad integrert i resten av meldinga: «Det [*sic*] visuelle siden av boken er også veldig sterk.»²⁴

Juni: Bok i P2

Litteraturkritikk på radio har gjerne hatt form av eit opplese manuskript, manuskripta kan i dag så publiserast på nettet som vanlege bokmeldingar i tekst. Det gjer NRK framleis, men den

viktigaste kritikksjangeren i programmet Bok i P2 er ikkje denne einetalen, men intervjuet. Programleiaren får kritikaren på vitjing i studio slik at han eller ho kan svare på det vi måtte lure på om det boka handlar om. Men nokon fri samtale er det sjølv sagt ikkje. Den tradisjonelle bokmeldinga ligg under som ein klar og tydeleg modell for korleis dialogen utviklar seg, med innleiande kommentarar om forfattaren og prosjektet, ein parafrase, før tolking, diskusjon og vurdering kjem til slutt. Forma blir ytterlegare styrt gjennom bruk av innspelte sitat som blir brukte som introduksjon og pauseinnslag, men då gjerne lengre sitat enn det vi er vane med frå aviskritikken.

Likevel, dette formatet gjer noko med kritikken som den vanlege artikkelen ikkje gjer; eg vil peike på to punkt, det eine er med på å bygge tradisjonell autoritet for kritikaren, det andre er òg med på å bygge autoritet, men det er av eit litt anna slag. For det første kan ein seie at intervjusituasjonen er med på å bygge opp under inntrykket av kritikaren som ein ekspert. Intervjuaren, som er representanten for publikum, er liksom kunnskapslaus medan kritikaren har kunnskap som ho kan overgje til dei som vil lytte. Om ein ser stilisert på det er det ein tradisjonell lærar-elev-relasjon. Men på den andre sida kan intervjusituasjonen vere med på å gjere autoritetsrolla mjukare. Først og fremst gjennom å vere opptak av tale som ikkje er redigert i nokon særleg grad, bringa til oss gjennom eit medium som tilsynelatande lar oss komme nærare personen som ytrar seg om litteraturen, enn det bokstavane på papiret kan gjere. Om Marta Norheim i ein tenkt artikkel hadde skriva «Incestmistanken kjem snikande gradvis.» hadde det gjeve eit heilt anna inntrykk enn når ho seier «Ja, altså, korleis kommer incestmistanken inn? Det er, det, det, den kommer litt sånn gradvis, og så ballar det på seg som det heiter.»²⁵ Denne kringkasta førebudde høgtenkinga skaper ein autoritet med heilt andre menneskelege kvalitetar enn ein tekstleg storleik, ein autoritet som er litt mindre sikker, men kanskje har desto større truverde. Dette «autentiske» uttrykket gjer det samstundes vanskeleg for kritikaren å sleppe unna rolla som ekspertkommentator; avstand til og leik med eigen posi-

sjon og vurdering synest umogleg. Eit siste poeng om truverde er at han er avhengig av ei rekkje faktorar, slik vi er vane med frå retorikken. På radio er ein sær s viktig slik faktor den talande sin fysiologi, lyden av stemma.

I tillegg til det vanlege kritikarintervjuet opererer Bok i P2 med fleire kritikarar i leidd samtale om ei eller fleire bøker. Her er programleiaren framleis representant for publikum som skal informerast, men ekspertrolla er her noko vanskeleggjort, i alle fall der kor kritikarane er ueinige, slik det til dømes var tendensar til hos Leif Ekle, Kai Skagen og Lasse Midtun om Kjartan Fløgstads *Grense Jakobselv*.²⁶ Desse diskusjonane syner at det ikkje er nokon vesensskilnad mellom radiokritikken og aviskritikken; mange aviskritikarar er like gode i eit slikt format som dei reine radiokritikarane, men uttrykket blir likevel annleis, og oftare langt mindre steilt enn ein kan sjå i parallelle skriftlege diskusjonar.

Juli: Adresseavisen

Kritikken i dei tre byavisene Stavanger Aftenblad, Bergens Tidende og Adresseavisen er av nokså likt format, med ein bokdag i veka kor mange ulike sjangrar blir dekte, med vekting av forfattarar frå nærområdet. Eg meiner likevel å kunne skimte ein liten skilnad med omsyn til utvalet av bøker i Adresseavisen, kor dei skriv om litt fleire bøker med eit såkalla breitt nedslagsfelt, ofte omsette, enn i dei to «systeravisene». Boka *Noen kjenner mitt navn* av Lawrence Hill blir omtalt som ein dameroman av Maria Årolilja Rø, ein roman med utelukkande ytre handling.²⁷ Rø gjev likevel boka ei grundig handsaming, boka er betre enn ein «gjennomsnittleg dameroman», og ho rosar forfattaren for gode kunnskapar om stoffet, det Per Thomas Andersen kallar eit «kognitivt» kriterium²⁸, men også for bokas lettflytande og velkomponerte språk. Samstundes er ho kritisk til element frå sjangeren som bidreg til å flytte boka nærare klisjeen. Denne viljen til å ta populærlitteratur på alvor, i alle fall delvis på premissane til litteraturen, gjer at kritikken i Adresseavisen ser litt

mildare stemt ut enn til dømes i Bergens Tidende kor utvalet retter seg noko meir mot bøker som blir kjende att som kvalitetslitteratur. Men ei mild stemning kan også kjennast keisamt innimellom.

Av og til kjem det gullkorn. Dei fleste kritikkane eg skriv om i denne artikkelen vier minst 30 prosent, ofte 40, av teksten til enkle parafrasar. Eit skinande unntak er meldinga av *Tsjernobylfortellinger* av Ingrid Storholmen, skriven av Linda Kaspersen.²⁹ Ho skriv sjølv sagt om kva boka fortel om, men noko attgjeving av handling, eller gangen i boka er det ikkje snakk om. I staden skriv ho om bakgrunnen for prosjektet, og skildrar kva boka handlar om, det vil seie kva som bind dei ulike tekstane i boka saman, i tillegg til ei vektlegging av bokas etiske imperativ til debatten om kjernekraft. Dette syntetiserande grepet, utan freistnader på å attfortelje, finn ein helst i kritikkar av bøker samansette av fleire tekstar. Slik tvingar nokre gonger litteraturen kritikken til å tenkje på ein annan måte enn han vanlegvis gjer, tvingar kritikaren til å skrive om bøker som noko anna enn plotliner. Utan parafrasen veks ekfrasen fram: «Boken er satt sammen av spredte stemmer, stemmer som verker i fysisk smerte og ensomhet. Sammen utgjør de et lavmælt kor, et verk i moll, ikke klagende, men erfarne og levende.»³⁰

August: Verdens Gang

Den største avisa i landet er òg den største litteraturavisa i landet. Med 37 melde titlar har ho fem fleire enn avisa på plass nummer to, utan at desse tala er definitive. Om Adresseavisen er litt mildare enn Bergens Tidende og Stavanger Aftenblad er VG den greiaste avisa i gata. Der kjem alle inn, serieromanar og mursteinar om rockemusikarar frå Chile, berre ikkje lyrikken. VG er den einaste av avisene i mitt utval som bruker terningkast i litteraturkritikken og tekstane er ofte korte. Slik signaliserer ho at bokmeldingane er meinte som kjappe råd til orientering, ikkje lang refleksjon over kva spørsmål litteraturen stiller. Men eg vonar eg har sannsynleggjort at det heller ikkje er tilfellet for

så mykje av den andre kritikken eg har presentert så langt, så ein kan jo spørje seg om ikkje den opent tabloide tilnærminga er meir real. Når det blir gjort med så stor finesse som til dømes hos May Grethe Lerum, er det heller ikkje sikkert at den korte kritikken står noko særleg tilbake for lengre utgreiingar. Hennar kritikk av *Amygdala* av Kerosha Gonaseelan er eit ypparleg eksempel på korleis ein kan flette saman eksplisitt tolking og vurdering med parafrasen, samstundes som ho synleggjer problema boka aktualiserer, og det på om lag 2000 teikn.³¹ Presentasjonen av boka er klar, tydeleg, men ikkje reduserande, dessutan maktar ho å vere morosam. Det er god skriving og tenking.

Verre har eg det med Berit Kobre og hennar sjølvnyttande, sjølvhjelpsaktige kritikkar. Dette skuldast nok ein djup skilnad mellom våre legningar, eg maktar ikkje å gje meg over til litteraturen slik ho gjer det. Men det er det nok mange andre som gjer. Dei sameines under den patosfylte argumentasjonen til Kobre og er skjønt einige om at det er godt å nyte litteraturen. Innleiingsvis skreiv eg om retorikkens talesjangrar, mellom anna festtalen, kor ein hyllar objektet for talen. Han har nettopp som føremål å sameine lyttarane til ein fellesskap. Kobre er ein god epideiktisk diktar som samlar sine lesarar med skildringar som dette: «[Anne Michaels] skriver fram et levende, følsomt kjærlighetsforhold som flyter mellom dem som en elv gjennom historien, geografien og arkeologien. [...] Michaels har et nydelig språk som åpner lesernes øyne, slik at man ser langt inne [*sic!*] i seg selv og utover i verden.»³² Vi samlast som nytande new-age-konsumentar i ein fellesskap utan skarpe kantar av noko slag.

VG er raus, det er ikkje få femmarar og seksarar som blir trilla, ein av dei blei meir kontroversiell enn dei andre. *Nattønsket* av Anne B. Ragde fekk ein femmar av Guri Hjeltnes i VG, Cathrine Krøger i Dagbladet derimot, kalla boka «Skandaløst dårlig».³³ Eg skal ikkje gå inn på kritikane og deira argumentasjon her, men berre notere meg korleis både VG og Dagbladet, for det første stilte spørsmål om korleis det i det heile teke gjekk an at to kritikarar var så ueinige og om dette betydde at litteraturkritikken og kvalitetsomgrepet var i krise; for det andre såg

begge avisredaksjonane det som ein diskusjon dei gjerne ville drive vidare, som ein konflikt som kunne skape interesse. Betre enn litteraturkritikk er litteraturkritikk i konflikt.

September: Klassekampen

Konflikt og diskusjon er òg ei berande kraft i Bokmagasinet til Klassekampen. Sakprosaen dei melder er ofte i direkte strid med standpunkta avisa sjølv står for, til dømes *Rundlurt. Om innvandring og islam i Norge* av Hege Storhaug. Integreringsforskarer Anne Britt Djuve går i rette med Storhaug og melder boka med tanke på kva boka har å seie som er interessant, og kva som er problematisk.³⁴ Her er spørsmål om litterær kvalitet heilt underordna, men det trur eg dei fleste vil vere einig i at det faktiske er òg. Om Klassekampen skulle ha skrive om stilen til Storhaug ville det ha vore underleg og sett ut som ein freistnad på å dukke henne. Meir merksemd rundt skrivearbeidet blir det når boka ikkje er så openbert polemisk, som i *Mona Ringvej* si melding av *Det niende barnet* av Frank Rossavik.³⁵ Men meir enn språk og form diskuterer Ringvej den historiske metoden forfattaren gjer bruk av i arbeidet for å finne ut nye ting om andre verdskrig, ting vi kanskje ikkje kan finne ut av. Torgrim Eggen er derimot berre oppteken av kva bøkene han melder har å fortelje. Både frå matboka *Til matens forsvar* og den litt kuriøse *Sex under Hitler* skriv han engasjerte resymé, med oppsummerande avsnitt om kva vi kan lære av dette.³⁶

Tekstane i Bokmagasinet er lange, noko som mogleggjer større refleksjonsrom, og mykje av kritikken av skjønnlitteratur tek denne sjansen. Informasjon og vurdering får her selskap av perspektivering, tolking som tilfører perspektiv ein ikkje kunne nådd utan hjelp, som til dømes i Susanne Christensens tekst om *48 rue Defacqz* av Hanne Ørstavik, kor ho vurderer sjansen for at ein skal like denne boka, opp mot om boka er god.³⁷ Dei to er ikkje alltid samanfallande, og slik kastar ho ljøs over spelet mellom tekst og lesar, ein relasjon som har vore eit viktig tema i resepsjonen av Ørstavik. I den samanheng er det òg mykje som

kan seiast om Arild Linnebergs melding av Børneboe-biografien til Tore Rem, men her nøyer eg meg med å vise til det Jonas Bakken skriv om denne i sin gjennomgang av sakprosa-kritikken.

Oktober: Morgenbladet

Klassekampen, Morgenbladet og Dag og Tid har mykje like format på kritikane sine, og i alle fall mellom Klassekampen og Morgenbladet har det vore ein god del utveksling av skribentar. Så når eg meiner det er skilnad på kritikken deira, så har det kanskje mest å gjere med mine idear om kva eg vil avisene skal vere. Likevel, eg meiner å sjå ei større merksemd retta mot tradisjonen i Morgenbladet. Ikkje berre på grunn av spalta «Antikvariatet» kor utvalde skribentar skriv om eldre bøker, men også fordi det stadig dukkar opp referansar til dei store forfatarane i kritikane, som her hos Bernhard Ellefsen som skriv om *Arbeid pågår* av Marit Eikemo: «Eikemos roman leker ikke bare med Ibsen, men også med metaforen som sanatoriet i Bergdorf utgjør i Thomas Manns roman *Trolldomsfjellet*.»³⁸ Eller her frå Erik Bjerck Hagen si melding av *17. roman* av Dag Solstad: «(...) dette gjorde at Hansen selv ikke den gang, på tross av all sin sjarm, kunne tåle sammenligning med selvdestruksjonskunstnere som Melvilles Bartleby, Coetzees David Lurie eller Ham-suns Abel Brodersen.»³⁹

Ein slik vending mot klassikarane finn vi ikkje like sterkt i det avisa skriv om sakprosa, sjølv om ho skriv ein del om biografiar. Elles er ho like svolten på notida som Klassekampen, skjønt utan heilt den same politiske energien og ønsket om å vere ein deltakar i debatt og strid. Morgenbladet ser meir ut til å vere tilskodar til det ho les. Når det likevel oppstår gneistar av slik polemikk er det helst når det er fagpersonar utanfor redaksjonen som skriv om sine fagfelt. Til dømes skriv kunsthistorikaren Even Smith Wergeland ei melding av boka til Peter Butenschön om byplanlegging, *Byen – En bruksanvisning* som er rett så skarp på nokre punkt. Smith Wergeland er òg interessant

sidan han, faktisk, er ein av få sakprosakritikarar som diskuterer samspelet mellom form og innhald i boka han melder. «[Butenschön sitt blikk] tilfører ein intim dimensjon i framstillinga, og ein språkleg kontrast til dei meir formelle overordna delane. Det personlege blikket hans blir på denne måten eit sentralt forteljarteknisk element ...»⁴⁰ Kanskje har det noko med boka han melder å gjere, men det er òg mogleg at ein slik diskusjon berre kan finne stad når lesaren kjenner fagfeltet godt og kan sjå kva for grep forfattaren gjer som ikkje er standard innanfor faget. Den faste sakprosakritikaren i Morgenbladet, Lasse Midttun gjer i alle fall ikkje mange slike vurderingar i sine kritikkar, han baserer seg stort sett på å skrive referat. Eit godt eksempel på det kan vere meldinga hans av biografien om Sigurd Evensmo *Alene blant de mange* av Stian Bromark og Halvor Finnes Tretvoll, kor heile artikkelen stort sett er ei attgjeving av livet til Evensmo, med nokre klagar på skrivefeil til slutt.⁴¹

November: Dag og Tid

Litteraturkritikken i Dag og Tid utmerkar seg først og fremst gjennom tonen som gjennomsyrer heile avisa. Ei uærbødig haldning som artar seg på to måtar, anten som skjemt eller som aggresjon. Den store eksponenten for det første er Odd W. Surén, som aldri lar sjansen gå frå seg til å gjere seg morosam, helst på eiga rekning. Samstundes er han ein samvitsfull lesar som freistar å gjere det han les så godt som mogleg medan han presenterer kritikk på ein skånsam måte: «Nokre stader er Hjemås oppteiken av å gjere publikum merksam på slikt ein bra lesar forstår likevel.»⁴²

Det omvendte uttrykket finn ein i kritikken av Tore Skeie si *Alv Erlingsson. Fortellingen om en adelsmanns undergang*, kor språkmannen Klaus Johan Myrvoll går laus på vinnaren av forlaget Spartacus sin konkurranse for historisk litteratur, og peikar nærast med skadefryd på at han driv med «utdatert historiskrivning», vidarebringar «faktiske feil» og «anakronismar».⁴³ Både Myrvoll og Surén er artig lesing og god til sitt bruk, felles

for dei begge er lite tolmod med å fortelje lesaren kva det handlar om. Det interessante finn ein når ein diskuterer sak.

Desember: Nordlys

Då eg sette meg ned med bunken av regionavisa Nordlys var eg spent på kva eg skulle finne. Kva les dei i nord, hos den gamle arbeidsgjevaren til Nøste Kendzior? Ikkje mykje skulle det vise seg. I heile desember månad kom det to bokmeldingar i den største avisa i Nord-Noreg. Ëi om ei barnebok om mobbing, der kritikaren heilt har annamma språket frå boka, slik at teksten ser ut som ein freistnad på å skrive tankane til ei ni år gammal jente.⁴⁴ Den andre var ei bok om svært lokal lokalhistorie.⁴⁵

Avsluttande åtak

I bastardutgjevinga *Grufulle tomrom* seier forfattar og bokmeldar Simen Hagerup farvel til litteraturkritikken.⁴⁶ Han meiner kritikken har eit dobbelt ansvar, som vakt og formidlar mellom «poesiens skjøre funksjon» og det «ikkepoetiske» språkets sterke og instrumentelle funksjonar, sidan desse er i strid med, men gjensidig avhengige av, kvarandre. Men det ansvaret har ikkje kritikken teke, han har i staden gått utanom, og late seg bruke som ein reisegjester i arbeidet for å få litteraturen til å fungere i eit «vitenskapelig-kapitalistisk paradigme» der alt kan målast nøyaktig, helst i pengar. Kritikken har, ifølgje Hagerup, blitt ein del av det sterke og instrumentelle språket. Og sjølv om ein er kritisk til bestseljarar og fremmer den smale litteraturen («(...) ender man fort opp på den institusjonelle litteraturens sirkus (som løve eller kristen)(...)»⁴⁷ Som ein erstattar til denne kritikken som ikkje vil noko, reiser han eit ideal om ein kritikk bygd på ideen om marinbiologen som les *Moby Dick* for å sjå korleis Melvilles kvalkunnskapar var. Ein slik kritikk, som går til litteraturen på jakt etter noko anna, er i mi lesing av Hagerup den einaste redninga for kritikken – eller i alle fall kritikaren – frå det evige adjektivmakeriet. Kan kritikkforskninga ta ein slik påstand alvorleg?

Den viktigaste boka om litteraturkritikk som kom i 2009 var boka *Livet! Litteraturen!* av Tor Eystein Øverås, ei samling artiklar frå perioden 2006–2009, då han mellom anna skreiv kritikkar for Klassekampen og Morgenbladet. Boka er ein fantastisk introduksjon til samtidslitteraturen, og ho gjev eit oppløftande bilete av kva litteraturkritikk kan vere. Øverås skriv konsekvent om noko meir enn boka han har framfor seg, han er i ei litterær ålmente som er større enn den norske, og det han skriv treffer så ofte så godt at det får i gang ein reaksjon kor litteratur og landskap, hendingar og ting tek farge av kvarandre. Eg les boka som eit tydeleg eksempel på at den vaktrolla som Hagerup skisserer slett ikkje er tapt, og at ein ikkje trenger å vere uinteressert i litteraturen for at han skal bli interessant igjen. Men ein må ta opp konkurransen med litteraturen om å skape noko nytt i sitt eige liv, med energi henta frå litteraturen. Øverås skriv:

Jeg kjenner meg igjen i Orhan Pamuks tanker om hvordan han forstår seg selv og andre gjennom romankunsten, og hvordan romankunsten blir en unnskyldning for å snakke om livet, og livet en unnskyldning for å snakke om romankunsten. Det er sant. Det er ikke bare en fiks formulering. Samtidig finner jeg ikke alltid Pamuks egne romaner så menneskelig interessante.⁴⁸

Eit slikt møtepunkt mellom liv, litteratur og dømmekraft må vel vere noko å skrive mot?

Notar

- 1 Knut Olav Åmås, «Bøkene som ikke får være bøker», Aftenposten 25.1.2009.
- 2 Trond Andreassen og Jørgen Lorentzen, «Fagbokkritikken trenger skolelring», Aftenposten 8.2.2009, Marianne Enge «Kritikerstanden og sakprosa-kritikken», Aftenposten 23.2.2009.
- 3 Jonas Bakken, «Sakprosa-kritikk og kriterier. Anmeldelsenes funksjon i norsk dagspresse», *Prosa* #2 2010. <http://www.prosa.no/artikkel.asp?ID=619>, sist lasta 27.4.2010.
- 4 Nypoetik # 3/1994.
- 5 *Op. cit.*, s. 110.

- 6 Thomas Marco Blatt, «Vilter lek i manesjen», Dagbladet 5.1.2009.
- 7 Kurt Hanssen, «Første klasses thriller», Dagbladet 19.1.2009.
- 8 Cathrine Krøger, «Skisseaktig fra Gordimer», Dagbladet 12.1.2009.
- 9 Cathrine Krøger, «Barn av sin tid», Dagbladet 12.1.2009.
- 10 Espen A. Eik, «Fascinerende romanfigur», Aftenposten 1.2.2009.
- 11 Mala Wang-Naveen, «Til kjernen med bravur», Aftenposten 22.2.2009.
- 12 Terje Stemland, «Canadisk mesterhånd», Aftenposten 22.2.2009.
- 13 Hans H. Skei, «Rast ved rinnende vann», Aftenposten 1.2.2009.
- 14 Hans H. Skei, «Dikt og forbanna løgn», Aftenposten 10.2.2009. Ein viss avispoesi blir skapt av samanstillinga av denne meldinga med ein artikkel på same side om kronikken Runar Døving og Trond Blindheim skreiv i Kjetil Trys namn, «Mister jobben etter falsk leserbrev».
- 15 Hans H. Skei, «Burke til fjells», Aftenposten 1.2.2009.
- 16 Torgrim Eggen har stor moro med krimkritikken i Klassekampen 10.1.2009, kor han opprettar ein indeks kor han gjev kriminalromanar poeng etter variablar som vald, omslag, sex, litterær kvalitet, osb. Det interessante i Eggens morskap er at variablane er vekta like mykje. Dimed er det altså like viktig å ha t.d. truverdige kvinneskikkelsar som det er at boka har litterære kvalitetar. Det er òg berre ein av dei tolv bøkene i utvalet som ifølgje Eggen faktisk har uomstridde litterære kvalitetar.
- 17 John Harbo, «Minutter som endret et liv», Aftenposten 27.2.2009 og Halvor Finess Tretvoll, «Tabben i parken», Dagsavisen 4.3.2009.
- 18 Annette Orre, «Sirkler i helvetet», Dagsavisen 18.3.2009.
- 19 Hilde Slåtto, «Kvinne, kjenn din kropp», Dagsavisen 11.3.2009.
- 20 Eirik Lodén, «Les heller en ordbok», Stavanger Aftenblad 28.4.2009.
- 21 Eirik Lodén, «Kosmopolitt og nasjonalvitalist» og «Rocka nasjonalromantikk», Stavanger Aftenblad 28.4.2009.
- 22 Petra J. Helgesen, «Ulike veier til samme mål», Bergens Tidende 4.5.2009.
- 23 Walter N. Wehus, «En mann av manga», Bergens Tidende 24.5.2009.
- 24 Walter N. Wehus, «Ærlig varer lengst», Bergens Tidende 3.5.2009.
- 25 «Studiosamtale: Helene Uris bok *Den rettferdige*», NRK P2 2.6.2009.
- 26 «Studiosamtale om *Grense Jakobselv* av Kjartan Fløgstad», NRK P2 8.6.2009.
- 27 Maria Årolilja Rø, «En slavinne forteller», Adresseavisen 13.7.2009.
- 28 Per Thomas Andersen, «Kritikk og kriterier» i *Vinduet* #3 1987.
- 29 Linda Kaspersen, «Flammer fra Tsjernobyl», Adresseavisen 6.7.2009.
- 30 *Op. cit.*
- 31 May Grethe Lerum, «Om abort», Verdens Gang 9.8.2009.
- 32 Berit Kobro, «Balsam for sjelen», Verdens Gang 17.8.2009.
- 33 Guri Hjeltnes, «Boltrer seg i sex», Verdens Gang 19.8.2009 og Cathrine Krøger, «Skandaløst dårlig», Dagbladet 24.8.2009.
- 34 Anne Britt Djuve, «Hard front», Klassekampen 5.9.2009.
- 35 Mona Ringvej, «Bildet av krigen», Klassekampen 12.9.2009.
- 36 Torgrim Eggen, «Matens ideologi», Klassekampen 5.9.2009 og «I seng med staten», Klassekampen 26.9.2009.
- 37 Susanne Christensen, «Rom for alt», Klassekampen 19.9.2009.
- 38 Bernhard Ellefsen, «Trolldomsfjellet», Morgenbladet 2.10.2009.
- 39 Erik Bjerck Hagen, «Gjentagelsen», Morgenbladet 30.10.2009.
- 40 Even Smith Wergeland, «Kva er ein god by?», Morgenbladet 23.10.2009.
- 41 Lasse Midttun, «Sosialismens altnuligmann», Morgenbladet 2.10.2009.
- 42 Odd W. Surén, «Opne sansar, gode ord», Dag og Tid 27.11.2009.
- 43 Klaus Johan Myrvoll, «Sjangerhybrid med anakronismar», Dag og Tid 6.11.2009.
- 44 Linda Kaspersen, «Alltid alene, en alvorlig barnebok om et viktig tema», Nordlys 3.12.2009.
- 45 Nils M. Knutsen, «Mye å by på», Nordlys 11.12.2009.
- 46 Simen Hagerup, «Spekk ohoi!» i *Grufulle tomrom*, Oslo (Kolon) 2009, s. 71-82.
- 47 Simen Hagerup, «Spekk ohoi!», s. 77.
- 48 Tor Eystein Øverås, *Livet! Litteraturen!*, Oslo (Gyldendal) 2009, s. 298.